



Paul Harris Fellow-ship

vart i år 1999 tildelt

Perry Sønnerland

Perry Sønnerland var fødd 21.04.1921 i Brattvåg. Han gjekk bort den 30. august 2003

Perry var fødd, voks opp og vart busett i Brattvåg. Han vart gift med Gerd Skeide, fødd 19. august 1923 i Ulsteinvik. Dei fekk fire jenter

Saman med svogeren, Ingebrikt Sandnes starta han i 1949 Brattvåg Skipsinnredning, seinare Brattvaag Skipsverft AS.

Perry var ein engasjert person, ikkje berre i verksemda dei bygde opp, men og for heimbygda og kommunen. Han såg lenger enn dei fleste og var heil klar over at dersom bedrifta skulle utvikle seg, måtte både bygda og kommunen utvikle seg. Perry arbeidde i det stille. Han var oftast ikkje den som sto fram og fronta prosjekt. Kunne han få andre til å gjere den jobben, var det, det beste. Vi som kjende han, merka nok Perry si ånd i dei mange utspela som kom om ting som burde gjerast. Han hadde og den fantastiske evna til ikkje å gi seg om han møtte motbør. Det var alltid ein veg rundt. Perry var den siste ordføraren i Brattvåg bygningskommune og la ned eit stort arbeid der før den vart avvikla i 1966. Før krigen var han ein aktiv speidarleiar i bygda. Som ein av dei første i landet, tok han initiativet til at jenter skulle kome med i det som før heitte gutemusikk. Det vart til Brattvåg Skulekorps.

Han var ein av forkjemparane for ny riksveg til kommunane Haram, Midsund og Sandøy. Han var og aktivt med i arbeidet for å realisere Møreaksen. Her i bygda var han pådrivar for å få reist første samlingshuset "Våghall". Då dette bygget ikkje tilfredstilte krava lenger, vart han aktivt med i reisinga av eit nytt kulturhus for Haram i Brattvåg. Han la ned mykje arbeid for å få bygd Brattvåg Vassverk, bustadblokkene på Vesterheim, reising av ungdomsbustader, reising av eldrebustader, reising av bustadane på Leite, sjukeheim, Åsen Terrasse, idretts- og symjehall, industriområda på Vesterheim og i Håvikmyrane. I tillegg til alt dette la han og svogeren grunnlaget for det som i dag er ei av Haram sine største bedrifter. Han var eit aktivt medlem og fleire gonger formann i Brattvåg Næringsssamskipnad. Han var med i kommunestyre og formannskap. Saman med Trygve Rønnestad, Erling Warnes og Sevrin Skjelten la han ned mykje arbeid for at storkommunen Haram skulle få dei grensene den har i dag. Lista kunne vore lengre, men det er umuleg å få med alt.

For dette ueigennyttige arbeidet fekk Perry kongens fortanestemedalje i 1999. verksemder i bygda.